

## ÅRSMELDING VESTRE VASSBYGD GRENDAHUS 2018

Styret har vore samansett av:

Leiar: Anita Kjenes

Nestleiar: Terje Økland

Kasserar: Elisabeth Idsø Gjerde

Skrivar: Irene Kjenes

Styremedlem: Kenneth Thorsheim

Vara: Per Ove Leivestad

Våren 2018 var kjøkkenet endelig ferdig og styret kunne stolt visa fram nytt kjøkken med dobbel komfyr og industrioppvaskemaskin! Grunna oppussing 2017/2018 vart årsmøtet først avvikla i april 2018. Kjenes-trimmen hadde som vanleg oppstart 1.påskedag.

Første arrangement i 2018 blei tur til Bukkebergsåsen 2.pinsedag, med start og målgang på Søreide og kjøtkakemiddag etter turen.

Den 30.mai var det ute-dugnad i strålende solskinn kor ein fekk luka ugras, klipt og rydda langs gjerdet og vaska og skrapa nokre husveggar. I løpet av sommaren vart mellom anna inngangspartiet på huset måla. Før sommaren var det tradisjonell jonsokfeiring med sal av rømmegrout, bålbreining og ulike aktivitetar.

Hausten 2018 vart det arrangert basar til inntekt for huset. I oktober vart det arrangert ny dugnad kor ein mellom anna fekk køyrd vekk den gamle kjøkkeninnreiinga og fekk eit etterlengta overbygg til varmpumpa. Huset har fått nye vindskeier på tilbygget og lekkasje i skifertaket er reparert. Det elektriske anlegget er bytta uti løpet av 2017/2018. Kontrollør frå BKK opplyste i haust at dette var vel anvendte pengar, då huset ikkje hadde vorte godkjend med det gamle elektriske anlegget. Framleis gjenstår det å utbetra nokre kontaktar i kjellaren.

Styret inviterte til korgfest/dugnadsfest i løpet av hausten, men arrangementet blei avlyst grunna få påmeldte.

I byrjinga av desember var det som vanleg pinnekjøtmiddag med riskrem til dessert med omlag 40 frammøtte. Siste søndag i advent var det gudsteneste på Søreide, og året blei avslutta med juletreffest arrangert av driftige damer i Vassbygda.

Huset har i tillegg vore nytta av bridgeklubben, Sjømannsmisjonen, Vassverket, til bursdagar og til julebord. Grunna praktiske omsyn har bridgeklubben vald å ha sine bridgekveldar på Ostereidet og vil ikkje lengre nytta Vestre vassbygd grendahus.

Irene Kjenes  
*skrivar*